

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/998 - 17/7661

Sakshandsamar:
Sveinung Toft
sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Dato:
01.12.2017

Lokalpolitisk handsaming av forslag til delfinansiering med bompenger - Fv Masfjordnes - Duesund, Masfjordsambandet

Endeleg vedtak gjort i kommunestyret i Masfjorden den 28.11.2017 vert med dette sendt over til dykk, som eit grunnlagsdokument i samband med arbeidet med å delfinansiere med bompenger Fylkesveg 570 Masfjordnes – Duesund, Masfjordsambandet.

Kommunestyret - 070/2017:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

- 1. Masfjorden kommune gir sin tilslutning til at prosjektet Masfjordsambandet vert delfinansiert med bompengar**
- 2. Det vert lagt til grunn ei styringsramme for prosjektet på 1 200 mill. 2017-kr og ei kostnadsramme på 1 400 mill. 2017-kr. Rammene er fastsett etter ekstern kvalitetssikring (KS2). Bompengedraget er førebels utrekna til om lag 180 mill. kr. Masfjorden kommune bidreg med totalt 40 mill. 2017-kr. Hordaland fylkeskommune finansierer resten av beløpet, om lag 980 mill. kr inkl. mva-kompensasjon.**
- 3. Innkrevjinga skjer i begge retningar i ein automatisk bomstasjon som vert plassert på Skarvetangen på Duesundøy.**
- 4. Bompengeperioden er avgrensa til 20 år.**
- 5. Masfjorden kommune aksepterer at gjennomsnittleg bompengetakst vert sett til 90-95 2017-kr. Med gjeldande forutsetningar tilsvarar dette 104-110 kr per passering for køyretøy i takstgruppe 1 og 208-220 kr for køyretøy i takstgruppe 2. Nullutsleppskøyretøy skal betala 50 pst av takstgruppe 1.**
- 6. I tråd med nye takstretninglinjer vert det lagt til grunn at trafikantar i takstgruppe 1 som betaler med elektronisk brikke oppnår 20 prosent rabatt. Det vert ikkje gjeve rabatt for køyretøy i takstgruppe 2. Det er forutsett at bompengetakstane vert justert i samsvar med prisutviklinga.**
- 7. Kostnadsauke utover prisstigninga opp til kostnadsramma for prosjektet skal dekkast med fylkeskommunale midlar og bompengar etter same prosentvise fordeling som innanfor styringsramma. Eventuelle overskridingar ut over kostnadsramma er fylkeskommunen sitt ansvar.**

8. Dersom inntektene vert høgare og/eller finansieringskostnadane lågare enn forutsett, skal bompengetaksten reduserast eller bompengeperioden kortast ned. Endeleg takst- og rabattsystem skal leggjast fram for lokalpolitisk handhandling i god tid før innkrevjinga tek til.

9. Dersom det etter at innkrevjinga er igangsetting viser seg at bompengeselskapet sin økonomiske situasjon gjer det naudsynt, kan bompengeselskapet, etter avtale med Vegdirektoratet, auka gjennomsnittstaksten med inntil 20 pst. ut over prisstigninga og/eller forlenga innkrevjingsperioden med inntil 5 år.

10. Masfjorden kommune ber om at Hordaland fylkeskommune garanterer for naudsynte bompengelån for utbygging av Masfjordsambandet

Med helsing

Sveinung Toft
assisterande rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Håkon Rasmussen
Lillebø Sindre

Mottakere:

Hordaland Fylkeskommune
Statens vegvesen